

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Vår referanse: 16/5250
Dykkar referanse: 16/162 - 17/14013
Dato: 22.11.2017

Att:
Rolf Raknes

Uttale til Radøy kommune Hordaland - Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø

Vi viser til sending dagsett 13.11.2017 med utkast til kommunedelplan for Bø.

Våre ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i plansaker er å sikre at marint biologisk mangfald og fiskeri- og akvakulturinteressene i området, både noverande og framtidige, blir ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Vi ser det som særlig viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til viktige marine ressursområde som til dømes gytefelt. Å oppretthalde det marinbiologiske mangfaldet er naudsynt for å sikre ei framtidig hausting av marine ressursar og det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og ikring det aktuelle området.

Føremål og planstatus

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i arealføremåla til gjeldande kommuneplan.

Våre innspel

Oversikt over fiskeri- og akvakulturinteresser samt marint biologisk mangfald i området finn de på <http://kart.fiskeridir.no>

Vi har ikkje registrert nasjonalt eller regionalt viktige område for marint biologisk mangfald, fiskeri- eller akvakulturinteresser i, eller i grensa til, planområdet og har soleis ingen merknadar til den varsla reguleringsplanen.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936

MANGER